

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 08.03.2023
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven/ Hilde E. Hjelmeland
SAKA GJELD: **Miljøstyring i Helse Førde**
ARKIVSAK: 2022/6714

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.03.2023

STYRESAK:
022/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til vitende og ber administrerande direktør sikre vidare forbetring av miljø- og klimaprestasjonane i sjukehuset.

Oppsummering

Leiinga sin gjennomgang (LGG) av miljøstyringssystemet skal gjennomførast for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føresegner og at det er i kontinuerlig forbetring.

Vedlagt ligg referat frå leiinga sin gjennomgang av miljøstyringa som mellom anna viser miljøprestasjonane til Helse Førde, endringar som er gjort i miljøstyringa, risikovurdering og vedtak. Helse Førde er på rett veg mot å nå nasjonale målsetjingar. Framover vil det vere avgjerande med god leiarforankring, prioritering og ressurstilgang for å nå dei ambisiøse miljømåla som er sette for spesialisthelsetenesta.

Fakta

Regjeringa sine forventningar til statlege selskap går fram av Meld. St. 6 *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap — Statens direkte eierskap i selskaper (eierskapsmeldingen)*.

Omsynet til berekraft i staten sine mål som eigar er gjort tydeleg og forsterka.


Staten er opptatt av at selskapa identifiserer risiko, moglegheiter og behov for omstilling av verksemda si som følgje av Paris-avtalen sine mål, og integrerer dette i strategiane sine. Staten ventar at selskapa rapporterer på direkte og indirekte klimagassutslepp og klimarisiko, samt nyttar anerkjende standardar for rapportering.

Dei regionale helseføretaka har sjølve vedteke felles klima- og miljømål med indikatorar i spesialisthelsetenesta. Som hovudmål skal spesialisthelsetenesta innan 2030 redusere utslepp av CO²-ekvivalenter (CO²e) med 40 prosent. Det langsiktige målet er klimanøytral drift av spesialisthelsetenesta innan 2045.


Kommentarar

Helse Førde arbeider etter *Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for klima og miljø*. Delar av dette rammeverket vert integrert og erstatta av *Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar*. Det nye rammeverket kjem etter eigerskapsmeldinga (Meld. St. 6 2022-2023) og innføringa av åpenheitslova som gjer det naturleg å sjå på sosiale, miljø og økonomiske forhold under eitt og arbeide som ei ansvarleg verksemd.

Sjølv om det er opna for å gå vekk frå ekstern miljøsertifisering, og Helse Førde har gjort dette, strukturerer ein framleis arbeidet tett opp mot miljøleiingsstandarden ISO 14001. Helse Førde arbeider både overordna og ute i avdelingane med å nå felles nasjonale mål gjennom prioriterte overordna tiltak og tiltak i avdelingane sine handlingsplanar (figur 1 og 2).



Figur 1: Organisering av arbeidet med å nå miljømåla i Helse Førde.




Figur 2: Overordna tiltak med status for 2022-2023 per 13.03.23.

Vi rapporterer i klimarekneskap og på indikatorar for kvart av delmåla slik at vi kan måle utviklinga. I tabell 1 presenterer vi nøkkeltal frå Helse Førde sin klimarekneskap. Året 2019 er sett som referanseår for målsetjingane. Meir utdjupande tal er å finne i leiinga sin gjennomgang frå 07.03.2023.

	2019	2020	2021	2022
Forbruk (tonn CO ₂ e):	10 807	9 851	9 642	9 767
Forbruk kWh	21 428 450	21 047 199	23 093 085	22 554 000
Digitale konsultasjonar (%)		10	10,1	11
Tilsette (stk):	2 286	2 359	2 433	2 444
Brutto areal (m ²)	10 0470	93 314	93 314	100 374
Antal utsleppsfrie køyretøy:		5	6	15 (25 %)
Antal ladepunkt:		24	28	54
Tonn avfall:	540,68	599,6	591,4	638,7

Tabell 1: Nøkkeltal frå klimaprestasjonane til Helse Førde.



Figur 3: Helse Førde sitt CO₂e-utslepp med tiltaksbane og referansebane.

Helse Førde er på rett veg mot målsetjinga om ein reduksjon på 40 prosent.

Vurdering

Leiinga sin gjennomgang av arbeidet med miljøstyring syner at er god framgang og blir arbeidd systematisk med å nå dei meir langsiktige måla som er sett for spesialisthelsetenesta. Dei forbetringpunkta som er påpeika vil bli følgde opp innanfor føretaket sine budsjетtrammer.

Med bakgrunn i leiinga sin gjennomgang har administrerande direktør gjort vedtak for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føresegner og at det er i kontinuerleg forbetring.

Konklusjon

Leiinga sin gjennomgang viser korleis Helse Førde tek i vare arbeidet med miljøstyring. Administrerende direktør vurderer at føretaket er på rett veg, samstundes som gjennomgangen syner fleire risikoområde og forbetningspunkt som vil kunne bli avgjerande for om Helse Førde når dei nasjonale måla for spesialisthelsetenesta.

VEDLEGG:

1. Leiinga sin gjennomgang for miljøstyring for mars 2023.